


**Retningsliner**  
**Kjerneområde landbruk**  
-registrerte viktige område for matproduksjon og kulturlandskap  
**Gloppen 2021**  
Vedteke av kommunestyret 11.02.21



# Innholdsfortegnelse

INNLEIING.....	3
FØREMÅL.....	4
KRITERIER .....	4
RETNINGSLINER.....	4
Retningsliner for arealdisponering innafor kjerneområde matproduksjon: .....	4
Retningsliner for tiltak og arealdisponering innafor kjerneområde for kulturlandskap: .....	5
UTFYLLANDE TEKST TIL KARTDELEN.....	6
Forklaring til kartutsnitt: .....	6
Myklebust.....	6
Sandal – Fossheim – Torheim.....	6
Egge, Gåsemyr, Strand, Bergheim, Bjørkelo, Bjørnereim, Moldestad, Støyva, Felde, Kleppe, Hole, Øvreset, Sætre, Skrøppa, Sårheim, Stensaker, Kvile, Reed, Jordanger, Flølo, Fløtre, Hjelle, Teita, Stokke, Høylo, Bø, Råd, Seime.....	7
Årdal.....	8
Kolbotn, Kåle, Dale, Hunskår.....	8
Almenning .....	8
Vassenden - Ryssdalsnes .....	9
Ryssdal.....	9
Kandal.....	9
Eide, Djupegot, Evebø .....	10
Søreide .....	10
Mardal, Fitje .....	10
Austrheim, Hauge, Gløppstad, Slagstad, Tystad, Vereide, Andenes, Hjelmeset .....	10
Solheim, Fjellestad, Berge, Engeset .....	11
Lundestad, Vambeset, Solli, Alme, Aske, Skor .....	11
Åsebø, Føleide, Rye .....	12
Arnestad, Gimmestad, Moane, Rygg, Grov, Ravnstad, Sande, Rauset.....	12
Devik.....	13
Hestenesøya, Eikenes .....	13
Skjerdal, Hyeneset, Skeistranda, Årevika og Mettenes.....	13
Kleppenes, Osmundnes.....	14
Holme.....	14
Aa med Aastøylen .....	14
Ommedal med Ommedalsstøylen .....	14
Rongkleiv.....	15
Mjellem .....	15
Gjengedal, Dalheim .....	15
Straume.....	15
Hope.....	16
Rørvika/Heimseta.....	16
Eimhjellen.....	17
Hjorteset .....	17
Solheim.....	17

## INNLEIING

I 2005 blei kommunen med i pilotprosjekt for å registrere kjerneområde landbruk. Då hadde meir enn 1 million daa dyrka og dyrkbar jord blitt omdisponert til anna føremål dei siste 50 åra i Noreg. I tillegg er verdfulle kulturlandskap redusert i verdi ved bygging og attgroing. Landbruks- og matdepartementet meinte at dersom denne utviklinga heldt fram, ville jord- og landskapsressursane sitt fortrinn for busetting og næringsutvikling bli redusert.

Departementet sette som mål å:

- Halvere den årlege omdisponeringa av jordressursar innan 2010.
- Sikre bærekraftig ressursforvaltning ved å ta vare på og halde kulturlandskapet ved like.

Kartfesting av kjerneområde for landbruk skulle vere eit viktig verkemiddel for å nå målet.

Situasjonen i Gloppe kommune avvik truleg ikkje så mykje frå landsgjennomsnittet. Også i Gloppe har omdisponering av jordareal og redusert verdi av kulturlandskapet vore registrerbart. På den andre sida har det vore søkt om nydyrkning av eit større areal. Statistikken kan likevel gi eit feil biletet då KOSTRA ikkje tek omsyn til om arealet er ferdig dyrka. Kommunen har godkjent om lag 130 daa som ferdig dyrka sidan 2011. Ein del av arealet er registrert som fulldyrka ved NIBIO si oppdatering, elles må kommunen ut å godkjenne og få endringane inn i AR5.

Omdisponering og nydyrkning i Gloppe dei siste 15 år:

Omdisponert og nydyrka areal i Gloppe frå 2005-2019, etter rapportering via KOSTRA	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	Totalt i la perioden
Omdisponering av <b>dyrka jord</b> til andre formål enn landbruk (daa)	7	9	2	99	19	1	9	6	5	5	4	5	3	2	11	187
Omdisponering av <b>dyrkbarjord</b> til andre formål enn landbruk (daa)	3	1	0	1	42	0	0	0	0	3	0	4	2	0	0	56
Omdisponering av <b>dyrka og dyrkbarjord</b> til andre formål enn landbruk, totalt (daa)	10	10	2	100	61	1	9	6	5	8	4	8	4	2	11	243
Tal søker om nydyrkning	3	1	0	0	1	0	0	1	2	4	3	3	2	1	4	25
Omsøkt og godkjend nydyrka areal (daa)	36	6	0	0	4	0	0	30	19	76	59	71	36	6	35	378

Statistikk henta frå Statistisk sentralbyrå, SSB: 07903 og 08123.

Stortinget fastsette jordvernål på omdisponering av maksimalt 4000 dekar dyrka jord årleg etter regjeringa sitt framlegg til nasjonal jordvernstrategi i 2015. Dette målet blei stadfesta i oppdatert nasjonal jordvernstrategi vedteken av Stortinget i 2018. På landsbasis har omdisponeringa vore under målet siste tre åra, godt hjelpt av auka nydyrkning.

Kartfesting av kjerneområde for landbruk i 2005-07 blei gjort i samarbeid med bondelaga i kommunen, som saman med planleggar og landbrukssjef utgjorde ei arbeidsgruppe i prosjektet. I samband med rullering av arealdelen til kommuneplanen i 2019-20, blei det bestemt at kjerneområde landbruk måtte sjåast på og oppdaterast ut frå situasjonen i dag.

Vi har hatt møte med faglaga, lagt ut på heimesida der alle kan kome med innspel. I arbeidet med ajourhaldet har vi lagt vekt på å få oppdatert kartgrunnlaget med kva som er omdisponert i perioden. Mellom anna er byggeområde, skule, industriområde m.m. teke ut av kjerneområde.

Noko areal står i fare for å gro att på grunn av ekstensiv drift i nokre område i kommunen. Ei anna utfordring er attgroing av beiter som ikkje blir brukt på grunn av mykje leigejord. Dette er noko vi prøver å ta opp med dei som leiger jord og dei som leiger ut. For å få tilskot må det ha vore beitedyr på arealet.

## FØREMÅL

*Kjerneområde landbruk, areal for matproduksjon* - skal vere retningsgjevande for arealdisponeringa i kommunen dei nærmaste åra. Omdisponering av godt jordbruksland i kjerneområde skal vere ein tyngre prosess enn å omdisponere anna areal.

*Kjerneområde landbruk, kulturlandskap* - skal først og fremst gi signal om å vise omsyn ved tiltak som kan tenkjast å ha negativ verknad for kulturlandskapet.

## KRITERIER

Ved kartfestinga av kjerneområda har ein lagt vekt på å avgrense større samanhengande område sjølv om dei ikkje er homogene. Innafor avgrensa kjerneområde vil vi finne areal som ikkje direkte kan kallast kjerneområde matproduksjon. Dette er søkt nyansert i skildringane av dei enkelte bygdelaga.

I oppdateringa har vi lagt vekt på å ta ut område som er bygt ned med bustadhús, fritidshus og industri.

Fokus har vore at areal som er godt eigna til matproduksjon skal takast vare på. For desse areala er jordsmonn, klima, terreng, arrondering og storleik viktig for at dei skal telje med. Størsteparten av arealet i Gloppen blir brukt til førproduksjon, men deler av dette kan nyttast til produksjon av matkorn eller åkerbruk om det skulle vere aktuelt i framtida.

Gloppen er ein landkommune der klima er variert, med eit typisk fjordlandskap. Snøforholda kan variere mykje mellom bruka ved sjøen og bruka lenger oppe i dalane. Dei høge fjella og djupe fjordane gjer at ein både har lune bygder, medan andre stadar kan sola vere borte store delar av året. Variasjonen gjer at ein på dei varmaste stadane normalt kan starte 1. slåtten i fyrste del av juni medan seine stader må vente 2-3 veker lenger.

## RETNINGSLINER

Retningsliner for arealdisponering innafor kjerneområde matproduksjon:

Fulldyrka jord, dyrkingsjord og beite	<ul style="list-style-type: none"><li>• Fulldyrka og overflatedyrka jord og beite skal nyttas til matproduksjon og berre i særlege tilfelle kunne omdisponerast til anna bruk.</li><li>• Nedbygging eller omdisponering av dyrkingsjord slik at dyrking vert vanskeleg, skal berre i særlege tilfelle tillatast.</li><li>• Særlege tilfelle kan være:<ul style="list-style-type: none"><li>○ Mindre, samanhengande areal som har därleg arrondering.</li><li>○ Omdisponering som er naudsynt for drift av landbrukseigedommen.</li><li>○ Kårhus ved eigedomsoverdraging.</li><li>○ Tunge/viktige samfunnsinteresser.</li></ul></li></ul>
---------------------------------------	--

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• I område med høve til spreidd bustad-/hyttebygging skal frådeling/bygging normalt ikkje skje på kjerneareal for matproduksjon.</li> <li>• Ved omdisponering av areal vert val mellom ulike alternativ å prioritere slik: <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Dyrkingsjord → beite → overflatedyrka jord → fulldyrka jord</li> <li>○ Ute av bruk → i bruk</li> <li>○ Små areal → større areal</li> </ul> </li> </ul>
Skogsmark/anna utmark	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Skogsmark/anna utmark innafor avgrensinga av kjerneområde har ikkje spesiell status framfor liknande område utafor kjerneområdet.</li> <li>• Støylene må heglast om, i tråd med retningslinene som blir utarbeidde gjennom arbeidet med arealdelen.</li> </ul>
Generelt	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ved vurdering av omdisponering skal omsynet til driftsmiljøet for brukaren vege tungt uavhenging av kva arealkategori ein omdisponerer.</li> <li>• Det er viktig å ikkje infiltrere kjerneområda med føremål som set eller kan setje avgrensing på aktiv landbruksdrift.</li> </ul>

#### Retningsliner for tiltak og arealdisponering innafor kjerneområde for kulturlandskap:

Fulldyrka jord, dyrkingsjord og beite, viktige kulturlandskaps-element	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Omdisponering av jordbruksareal i kjerneområde for kulturlandskap skal skje på ein slik måte at verdien av kulturlandskapet ikkje vert vesentleg redusert.</li> <li>• Bygningstiltak innafor kjerneområdet skal vere tilpassa byggjestilen som gjev karakter til området.</li> <li>• Andre tiltak i området skal vere godt tilpassa terreng og ikkje redusere verdien av landskapet vesentleg.</li> <li>• Skogsmark/anna utmark innafor avgrensinga av kjerneområde har ikkje spesiell status framfor liknande område utafor kjerneområdet.</li> </ul>
Generelt	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ved vurdering av omdisponering skal omsynet til kulturlandskapsmiljøet i område tilleggjast vekt uavhengig av kva arealkategori ein omdisponerer.</li> </ul>

## UTFYLLANDE TEKST TIL KARTDELEN

Forklaring til kartutsnitt:

### Type

 **Kjerneområde matproduksjon**

 **Kjerneområde matproduksjon og kulturlandskap**

 **Kjerneområde kulturlandskap**


### Prioritering

 **Prioritering 1**

 **Prioritering 2**


### Myklebust

*Kjerneområde matproduksjon og kulturlandskap:*



Området omfattar arealet frå Sandalsvatnet og så langt inn i dalen som jordbruksarealet strekkjer seg. Området er i aktiv drift, og utgjer eit av dei beste jordbruksareala i kommunen og er merka som spesielt viktig for matproduksjon. Området utgjer og eit viktig kulturlandskap prega av intensiv drift

### Sandal – Fossheim – Torheim




*Kjerneområde matproduksjon med innslag av kulturlandskap:*

Området er samansett av ulike arealkategoriar og kjerneområdet gjeld i hovudsak fulldyrka og overflatedyrka jord og beite. Kjerneområdet er i aktiv drift, der særleg jordbruksarealet på Fossheim og Sandal er rasjonelle å drifte. Nokre mindre og til dels brattlende bruk mellom Fossheim og Torheim har meir ekstensiv drift. Området utgjer eit variert kulturlandskap, både når det gjeld arrondering og topografi.

Egge, Gåsemyr, Strand, Bergheim, Bjørkelo, Bjørnereim, Moldestad, Støyva, Felde, Kleppe, Hole, Øvreset, Sætre, Skrøppa, Sårheim, Stensaker, Kvile, Reed, Jordanger, Flølo, Fløtre, Hjelle, Teita, Stokke, Høylo, Bø, Råd, Seime

*Kjerneområde matproduksjon:*



Området omfattar det dyrka arealet frå Våtedalen til og med Reed og utgjer dei beste jordbruksareala og det tyngste jordbruksmiljøet i kommunen. Det er difor naturleg å definere dette som eit samanhengande kjerneområde, sjølv om det er samansett av ulike arealkategoriar. Det er to område som er merka som spesielt viktige for matproduksjon, Fløtreflata og arealet aust for Byrkjelo sentrum (raud skravur).



*Kjerneområde kulturlandskap:*

Området er og eit viktig kulturlandskap prega av intensiv drift, men der ein og finn bevarte røyser, steingardar m.m. Kulturlandskapet mellom Byrkjelo og Reed, nord for Storelva, ligg i to plan, eitt i dalbotn og eit i lia med eit belte av blanda skog mellom. Kulturlandskapet sør for Storelva presenterer seg godt frå rv 60 mot Utvikfjellet. Også her finn vi ulike topografiske former, der naturlandskapet er med å underbygge det kvartærgeologiske utgangspunktet. Våtedalen frå Egge til Jølster grense utgjer eit karakteristisk beiteprega kulturlandskap. På Utvikfjellet finn vi mange godt bevarte støylar, sjølv om dei ikkje er i aktiv drift.

## Årdal


*Kjerneområde kulturlandskap med innslag av matproduksjon:*



Området utgjer eit kulturlandskap prega av småfehald og at dyra beitar i utmarka. Jordbruksarealet er av noko varierande kvalitet, og til dels tungdrive, men viktig å halde i hevd. Ei viss fare for aukande tilgroing.

## Kolbotn, Kåle, Dale, Hunskår

*Kjerneområde kulturlandskap med innslag av matproduksjon:*



Kjerneområde kulturlandskap er den mest framtredande kategorien i dette området. Det er berre to bruk som har sjølvstendig drift, men det meste av arealet blir drive. Deler av jordbruksarealet er heller tungdrive.

## Almenning

*Kjerneområde kulturlandskap:*




Grunnlendt beiteområde med sær preg. Aktuelt med noko skjøtsel, både for å oppretthalde kulturlandskapet og utsikta mot Breimsvatnet.

## Vassenden - Ryssdalsnes

### Kjerneområde kulturlandskap:

Kulturlandskap med spesiell verdi både visuelt og historisk (gamal ferdsselsveg).



Ryssdal, Vassenden og Ryssdalsnes

## Ryssdal

### Kjerneområde matproduksjon med innslag av kulturlandskap:

Omfattar dei to bruka i Ryssdalen og utgjer eit kjerneområde for matproduksjon av stor verdi. Dei samanhengande jordbruksareala i to plan framstår også som eit verdifullt kulturlandskap.



### Kandal


#### Kjerneområde kulturlandskap og matproduksjon:

Kulturlandskap av stor verdi, med sitt kuperte, bratte og tungdrive jordbruksareal. Området er sterkt prega av småfehald.

Myklandsstøylen er i drift og utgjer eit verdifullt kulturlandskap. Både Nes-støylen og Myklandsstøylen er prega av sterk beiting.

Matproduksjonen viktig i seg sjølv, men også for å oppretthalde kulturlandskapet.

Indre Kandal



Ytre Kandal

Eide, Djupedal, Evebø

*Kjerneområde matproduksjon med innslag av kulturlandskap:*

Området er samansett av ulike arealkategoriar og kjerneområdet gjeld i hovudsak fulldyrka og overflatedyrka jord samt beite. Viktige kulturlandskap finn vi m.a. langs den Trondhjemskes postvei.



Eide, Djupedal, Evebø, Søreide, Mardal og Fitje

Søreide

*Kjerneområde matproduksjon med innslag av kulturlandskap:*

Området omfattar, med ein del unnatak, jordbruksarealet innafor avgrensa område. Varierande topografi byr fram eit samansett kulturlandskap.

Mardal, Fitje

*Kjerneområde matproduksjon med innslag av kulturlandskap:*

Området viktige areal for matproduksjon med aktiv beiting i utmarka. Kulturlandskapet er prega av rasjonell drift, og av ein del viktige kulturminne.

Austrheim, Hauge, Gloppestad, Slagstad, Tystad, Vereide, Andenes, Hjelmeset

*Kjerneområde matproduksjon:*



Vereide

*Kjerneområde kulturlandskap:*

Med ulike produksjonsformer i ei klimatisk god sone, framstår området som eit kjerneområde med verdifullt kulturlandskap. I fjellet finn vi mange godt bevarte støylar, sjølv

Området er sørvesttlig og her finn vi ein vesentleg del av hagebruksproduksjonen i kommunen. Sjølv om deler av området er tungdrive, må det av klimatiske årsaker reknast som eit kjerneområde for matproduksjon. Deler av området er merka som spesielt viktig for matproduksjon.



Andenes, Hjelmeset

om dei ikkje er i aktiv drift. Karnilstunet ligg sentralt i dette området og utgjer eit kulturlandskap av stor verdi.



---

*Korsvika-Austrheim med Fiellbygda*

Solheim, Fjellestad, Berge, Engeset

Kjerneområde matproduksjon med innslag av kulturlandskap:

Området ligg i 300-400 meter høgd over havet, ligg sørvestnord med gode vekstvilkår og fleire aktivt drivne bruk. Utgjer difor eit kjerneområde for matproduksjon. Området ligg godt synleg og framstår som eit godt pleia kulturlandskap.


Lundestad Vambeset Solli Alme Aske Skor

## Kjernemrådet kulturlandskap med innslag av matproduksjon

Visuelt framstår området som eit godt stelt kulturlandskap, men med ein tendens til attgjøring grunna redusert husdyrhald og aytakande beitebruk.

## Åsebø, Føleide, Rye


Kjerneområde kulturlandskap og matproduksjon:



Rye er eit noko spesielt kulturlandskap med bratte oppdyrka lier. Føleide framstår meir som eit kjerneområde matproduksjon.

## Arnestad, Gimmestad, Moane, Rygg, Grov, Ravnestad, Sande, Rauset

Kjerneområde matproduksjon med innslag av kulturlandskap:



Kjerneområde matproduksjon omfattar særleg Gimmestad og Rygg. Rauset framstår som eit kulturlandskap av stor verdi. På Arnestad ser ein tiltakande attgroing.

## Devik

Kjerneområde kulturlandskap:



Spesielt kulturlandskap i bratte lier. Tiltakande attgroing.

## Hestenesøyra, Eikenes


Kjerneområde kulturlandskap med innslag av matproduksjon:



Området utgjer eit viktig kulturlandskap der Gloppefjorden og Hyefjorden møtest. Området har siste åra blitt ein viktig leverandør av bringebær og plome.

## Skjerdal, Hyeneset, Skeistranda, Årevika og Mettenes

Kjerneområde kulturlandskap:



Der er framleis jordbruksdrift i Skjerdalen. Elles er gardane prega av aukande attgroing. Desse bygdene utgjer eit kulturlandskap som fortel ei historie om landbruk i endring.

## Kleppenes, Osmundnes



### *Kjerneområde kulturlandskap:*

Kjerneområdet omfattar rastilpassa jordbruksareal og bygningar innafor avgrensa område. Areal med svak drift, eller der drift er opphørt, gror igjen.

## Holme



### *Kjerneområde matproduksjon og kulturlandskap:*

Kjerneområdet omfattar jordbruksarealet og bygningar innafor avgrensa område.

## Aa med Aastøylen



### *Kjerneområde matproduksjon:*

Kjerneområdet omfattar jordbruksarealet og bygningar innafor avgrensa område.

### *Kjerneområde kulturlandskap:*

Området omfattar den godt vedlikehaldne, og aktivt drivne Aastøylen, inn mot Dalevatnet.


## Ommedal med Ommedalsstøylen

### *Kjerneområde matproduksjon:*

Kjerneområdet omfattar jordbruksarealet innafor avgrensa område. Området er i drift. Liten fare attgroing per i dag.

### *Kjerneområde kulturlandskap:*

Området omfattar den aktivt drivne Ommedalsstøylen. Det aktivt drivne jordbruksarealet framstår som eit verdifullt kulturlandskap.



Austre Hyen, Ommedalen, Rognkleiv, Mjellem, Gjengedal og Dalheim

### Rongkleiv

#### *Kjerneområde matproduksjon med innslag av kulturlandskap:*

Kjerneområdet omfattar jordbruksareal og bygningar innafor avgrensinga. Alt areal er i dag i drift.

### Mjellem

#### *Kjerneområde matproduksjon med innslag av kulturlandskap:*

Kjerneområdet omfattar jordbruksarealet og bygningar innafor avgrensa område. Heile arealet i drift.

### Gjengedal, Dalheim

#### *Kjerneområde kulturlandskap med innslag av matproduksjon:*

Området utgjer eit variert kulturlandsskap ved inngangen til Gjengedalsmarka, eit villmarksområde av stor verdi. Jordbruksarealet er til dels kuperte og ikkje av dei mest rasjonelle å drive. Fare for ein del attgroing av dei mest ekstensivt drivne arealet.

### Straume


#### *Kjerneområde kulturlandskap og matproduksjon:*



Kjerneområdet omfattar jordbruksarealet og bygningar innanfor avgrensa område. Området utgjer eit verdifullt kulturlandskap, godt synleg både frå fjord og land, og med ei lang historie. Eigedomen er i drift.

Hope


## Kjerneområde matproduksjon med innslag av kulturlandskap:



Kjerneområdet omfattar jordbruksarealet og bygningar innanfor avgrensa område. Det meste av jordbruksarealet, inklusive beitemarka, er i drift. Kulturlandskapet varierar frå flate areal til meir brattlendte beiteområde.


Røyrvika/Heimseta

## *Kjerneområde matproduksjon med innslag av kulturlandskap:*



Kjerneområdet omfattar jordbruksarealet og bygningar innanfor avgrensa område. Ein del av arealet er ekstensivt drive. På sikt kan fleire marginale areal falle ut av drift. Tendensar til attgroing.

## Eimhjellen



### Kjerneområde matproduksjon:

Kjerneområdet omfattar jordbruksarealet og bygningar innafor avgrensa område. Jordbruksarealet ligg godt samla og det meste er i drift.

### Kjerneområde kulturlandskap:

Eimhjellen framstår som eit heilskapleg og verdifullt kulturlandskap.

## Hjorteset

### Kjerneområde matproduksjon med innslag av kulturlandskap:



Området er samansett av ulike arealkategoriar og kjerneområdet gjeld i hovudsak full- og overflatedyrka jord og beite. Kjerneområda er i drift med unnatak av nokre meir marginale areal.

## Solheim

### Kjerneområde kulturlandskap og matproduksjon:



Jordbruksarealet i området er til dels kupert og grunnlendt, men framstår som eit variert og spennande kulturlandskap i aktiv drift.